



"Tryggleik i møte med utfordrande situasjonar" – tilbod om kurs frå Verge

Rusettervernet har i mange år hatt tilbod om transport av personar som skal i/eller heim frå behandling. I dei seinare åra har dette tilbodet også vore nytta av Helse Førde til transport av pasientar som skal på off. klinikkar. Rusettervernet sitt tilbod er basert på frivilleg arbeid og forutsetningane for slike transportoppdrag er mellom anna passasjerar som er både medvitne og siviliserte. Dog er det nokre av pasientane med utfordringar som kan gjere køyreturane i overkant spanande. Vi ynskjer difor å kunne tilby eit kurs som skal auke tryggleiken til våre frivillige som kan være eksponert for utfordrande åtferd, aggresjon og vald. Auka tryggleik gjere at ein tek betre val i situasjonar og kalkulerar risiko. Tryggleik er også viktig for å kunne dempe eventuelle konflikhtar.

Det er Verge som skal halde kurset og dei har lang erfaring med å tilpasse opplæring til ulike målgrupper, inkludert rusomsorg og psykiatri. Kurset vil kunne være ei fin kompetanseheving for alle som jobbar innan utsatte yrker, anten ein jobbar på post 1, tiltaksteneste, ambulanse, drosje, ruspost og ellers er i befatning med personar/situasjonar som kan utagere/eskalere.

Kurset er innom desse tema;

- Faglig, etisk og juridisk forankring.
- Årsaker til aggresjon. Bevisstgjøring og økt kunnskap.
- Risikovurdering og risikohåndtering.
- Konfliktdempende kommunikasjon.
- Posisjonering og beskyttelse.
- Ettervern – ivaretagelse av kollega/tjenestemottaker.

Pedagogisk: forelesning, gruppeoppgaver og case.

Kurset vert laurdag 2 mars på Kinn Hotel i Florø og er frå 10:00 til 16:00 inkl lunsj.

Bindande påmelding til post@rusettervernet.no innan 25 februar.

Vi tek 500 kr pr deltakar for å dekke omkostningar (dette gjeld ikkje medlemmar av Rusettervernet sine grupper).